



OMEGA 365 AREAL AS

Kvassanesvegen 4

5582 ØLENSVÅG

Saksbehandlar

Tlf. direkte innval

Vår ref.

Dykkar ref.

Dato

Sara Brattfjell Hegglund

2024/1318-16

08.11.2024

Stadfesting - Søknad er mottatt - Detaljreguleringsplan for 163/1, 163/4, 163/14 og 163/15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn - PlanID 201200010

Viser til at oppdatert søknad er mottatt 25.10.2024.

Når det gjeld tilkomstveg viser plankontoret til rettleiingsmøte 13.05.2024, og at dette ikkje er ytterlegare krav:

«Søknad må innehalde vurderingar om endringar det søkast om har innverknad på trafikkforhold langs tilkomstveg. Tilkomstveg utanfor planområde har dårleg vegstandard. Eit kritisk punkt er deriblant ved bru ved 163/6 og 163/1. Det kan vere aktuelt med rekkefølgekav for eventuelle avbøtande tiltak langs tilkomstveg utanfor planområde, til dømes kritiske punkt. Det må også vurderast i forhold til anleggsfase».

Ved endring av gjeldande detaljregulering tilrår plankontoret ein vurderar eventuelle kritiske punkt langs tilkomstvegen i forhold til trafikksituasjonen til og frå anlegget på land, slik at saka vert opplyst før saka sendast på høyring. Grunngevinga er at gjeldande detaljregulering er vedteken i 2013, og det bør vere eit føremål å sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag i samband med planendringa for delar som ikkje er vurdert tilstrekkeleg. Ta gjerne kontakt med Eining for veg og park ved Sektor teknikk og miljø vedkjem spørsmål om kommunal veg for å supplere vurderinga. I tillegg er det nemnd at trafikkmengde i anleggsfase på tilkomstvegen er uklart. Det er elles positivt at ein legg opp til meir sjøtransport, slik som endringa legg opp til med utviding av kaianlegg.

Når revidert planomtale er innsendt kan Omega 365 areal sende saka på høyring på vegne av forslagstillar til røynde partar og offentleg mynde jf. pbl § 12-14 tredje ledd. Frist for uttale er 4 veker. I tillegg til offentleg mynde jf. følgjebrev mottatt 25.10.2024 bør saka sendast til Sunnhordaland interkommunale miljøverk og Naturvernforbundet i Kvinnherad. Plankontoret

